
Saksnr: 2020/46484-64
Saksbehandlar: Einar Kåre Ulla

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

Fylkesrådmannen orienterer om oppfølging av revisjonsrapport for 2020 nr. 2 frå Deloitte AS

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Samandrag

Føremålet med denne saka er å ivareta kontrollutvalet sitt ansvar for å sjå til at rekneskapsrevisor sine påpeikingar etter kommunelova § 24-7 til § 24-9 vert retta eller følgd opp.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Einar Kåre Ulla
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

1 Revisjonsrapport 2020 nr. 2 frå Deloitte AS

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I samband med kontrollutvalet si behandling av Vestland fylkeskommune sin årsrekneskap for 2020 i møte 10.05.2021 vart det m.a. gjort slike vedtak i sak PS 29/21:

«På bakgrunn av det som kjem fram i revisjonsrapport nr. 2 for 2020 frå Deloitte AS ber kontrollutvalet om at fylkesrådmannen kjem i møte 21.09.2021 for å gjera greie for kva som er/vil verta gjort i høve tilrådingane i rapporten.»

Revisjonsrapport 2020 nr. 2 frå Deloitte ligg ved som vedlegg.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i denne saka ved at dei skal sjå til at rekneskapsrevisor sine påpeikingar etter kommunelova § 24-7 til § 24-9 vert retta eller følgd opp, jf. forskrift om kontrollutval og revisjon § 3.

Vurderingar og verknader

På bakgrunn av det som går fram over er fylkeskommunedirektøren bedt om å kome i dette møtet for å gjera greie for oppfølginga av rapporten.

Konklusjon

Ut frå det som kjem fram i fylkeskommunedirektøren si orientering, vert det tilrådd at kontrollutvalet tek stilling til korleis dei bør konkludere. Saka vert difor lagt fram utan forslag til vedtak.